

Storslegen jonsok med opning av Briskken på Bolstad

Det vart ei ekstra spesiell jonsokfeiring på Bolstad i år. Ho vart nemleg kombinert med offisiell opning av dagsturhytta Briskken og friluftsområdet Tangen.

Sander Schadenberg
sander.schadenberg@avisa-hordaland.no

Ein arbeidsprosess i regi av lokale eldsjeler, så vel som arkitektstudentar frå Bergen - har endeleg gjeve resultat. Frå jonsoktaften av var Briskken klar for bruk! Det vart sjølv sagt markert med både talar og snorklipp, før jonsokfeiringa tok til på tradisjonelt vis.

I eit telt utanfor bedehuset er Olav Arnar Bø, slaktar frå Vik - godt i gang med å steika mat til dei godt over hundre gjestane som er påmelde opninga.

Jon Henrik Larsen og barnebarnet Leon Øyarhamn Palos har teke turen frå hytta i Rasdalen til «sentrum», før avreise til Bergen.

- Kor kjem maten ifrå?, spør Larsen.

- Han er det eg som har laga, seier Bø, før han flippar fram ei kasse med smaksprøver; og som under fjorårets joleopning på Bolstad, har han også denne gongen greidd å smugla med seg urøyt kjøtt over brua; tenkja seg til!

Leon sikrar seg ein hot dog, og ettersom eittåringar flest ikkje er av dei som et opp maten av rein hølfigheit, ventar det etter alt å døma ein ærlig dom frå denne karen.

Velkomstmusikk

Dermed går turen vidare inn i bedehuset der opningsprogrammet er godt i gang. På scenen står Vassvøri Kvedarlag og manar fram kristeleg tonar til rolege tramp frå ein og annan bolsting på bakke rad.

Meir musikk vert også! Trine Duesund Straume, Aage Vaksdal og Eirik Straume Normann er mellom dei som entrar scenen.

Etter show i kapellet, ryktast det at slaktar Bø er ferdig med maten.

Opning av Briskken

Banksjef Jørund Rong var mellom dei som stod i matkø, før vegen bar vidare til opninga av hytta.

- Eg tykte ideen var veldig god. Ein er jo kanskje vane med at ting vert lagt ned som fylgje



SMAKSPRØVAR: Bø delte ut smaksprøver. - Ta to du!



OPNING AV TANGEN: - Eg tenkjer det er på sin plass å seia «Gratulerer med dagen», og velkomen til Tangen!, seier Kragh.



ELDSJELER: - Det er Thor Erling som har vore primus motor heile vegen, seier Anny Forthun.

av sentralisering - og då er det jo kjekt at noko vert bygd opp rundt omkring også, seier han. Etter at gjestene er ferdige med å stappa speik i nebbet, samlar dei seg kring hytta.

Leiar i Bolstadøyri grendelag, Thor Erling Larsen, held tale før snora skal klippast.

- Det er jo ein del masseproduksjon av hytter for tida, innleiar han.

- Men dette er ei hytte ein aldri vil finna nokon annan stad enn på Bolstad; det har studentane lova. Hytta har ei universal utforming, slik at alle skal kunna bruka ho; her er det til og med stallebord. Ho skal vera open 24 timar i døgeret, sju dagar i veka, 365 dagar i året. Me har ikkje laga nokon reglar, for utan om at ein skal forlata hytta slik ein vil at andre skal finna ho.

Han peikar avslutningsvis på at dei ikkje er redde for å laga reglar om det vert naudsynt.

Og så er tida komen for snorklipp i regi av ordførar Tonje Såkvitne.

Ho stiller seg bak det Larsen

har prata om, og tykkjer det er kjempeflott at dette er ei hytte som kan brukast av alle.

- Dette viser kva bygd dette er. Dei lever opp til mottoet; «Blide Bolstad», seier ho.

- Hytta er heilt unik. Det har vore eit imponerende samarbeid mellom lokale innbyggjarar og dyktige arkitektstudentar. Dette er ikkje berre ein plass for rekreasjon, men også eit symbol på kva me kan oppnå når me arbeider mot eit felles mål!

Mimring gjennom flotte vindauge

Etter endt opningsseremoni, fekk folket ta turen inn i hytta.

- Heilt fantastisk flott!, seier ekteparet Aud og Knut Veset-vik.

Dei bur til vanleg i Arna, men har stor tilknytning til Bolstad.

- Me har ein gard her, som var barndomsheimen til mor mi, fortel Knut - og mimrar attende til det han omtalar som ei skjønne ungdomstid rik på laksefiske i elva.

Og klart det vert rom for



BRISKEN: Dagsturhytta på Bolstad er ferdigstilt, og kan no briska seg med sitt unike design nede ved fjorden. Ho vart finansiert med eit budsjett på 1,8 millionar.

mimring med ei slik plassering av vindauge!

May-Britt Torkilsen er også begeistra.

- Eg synest hytta er heilt fantastisk. Dei har gjort alt ut av beliggenheita. Plasseringa av vindauge; der ser ein tydeleg at dei som står bak er proffe. Og skiferen på taket passar godt til dei omkringliggjande fjella!

- Ein gjeng med studentar som gjer ting me ikkje kan

Utanfor hytta står arkitektstudentane som har vore med frå start.

- Kva tykkjer de om sluttresultatet?

- Me er veldig nøgde! Me hadde jo eigentleg ei tilmålt byggetid, men me var langt frå ferdige når den var omme. Heldigvis fekk med utvida tida, slik at sluttresultatet kunne verta best mogleg, seier Liv Guri.

- Og så er me veldig takksame for å ha fått vore med på eit prosjekt som har vore nokså hårete for vår del, seier Bo-Tollak.

- Me er jo eigentleg berre ein gjeng med studentar som gjer

ting me ikkje kan, seier Sigurd.

- Men no kan me det!, skyt Liv Guri inn med eit smil.

Jonsoktog og opning av Tangen

Og opplegget på Bolstad er jaggu ikkje ferdig heilt enno! For no er det tid for jonsokfeiring og opning av friluftsområdet Tangen. Her var oppmøte sett til Bolstad stasjon, også brureparet Vega Hanson Mykkeltvedt (6) og Inge Olai Tuftesdal (5) leia sjølv sagt toget!

Og på veg bortover, hukar me tak i Thor Erling Larsen og Anny Forthun.

Thor Erling peikar på dei ikkje kunne fått hytta opp utan sponsorar, og ramsar dei like greitt opp;

- Voss Sparebank, Vekselbanken, Sparebankstiftinga Hadanger og Bolstadøyri Elvefond. Det kom også ein sponsor utan bygdes, heilt avslutningsvis.

Og det var sjølvaste Olav Thon Stiftelsen!

- Det gav oss økonomien til å fullføra prosjektet slik det var planlagt.



ALLE FOTO: SANDER SCHADENBERG



ARKITEKTSTUDENTAR: (f.v.) Liv Guri Østrem Dyvik, Tiril Borthne Hvidsten, Sigurd Ødegården Rogstad, Johan Christian Ferstad, Bo-Tollak Slengesol Balgøbin.

- Velkomen til Tangen!

Etter nokre minuttar gange frå togstasjonen, er me omsider framme ved friluftsområdet Tangen. Her har Bolstad fått seg ein fin sommarplass med både volleyballbane og strand.

Det var varaordførar Benedicte Kragh som fekk æra av å med eit lite museum. Her har de aktivitetar for alle!

- I det siste har me folkeval-

de snakka mykje om folkehelse - både i form av aktivitet, tilgang på natur og gode lokalmiljø. Eg trur Tangen er og vil bli eit godt tiltak for både folkehelse og trivsel. Her er både grindbygg, volleyballbane, miniballbinge, frisbee, sandstrand - og til og med eit lite museum. Her har de aktivitetar for alle!



JONSOKBÅL: Og dermed vart det altså jonsokfeiring på Bolstad i år også.

Ei kjekk jonsokfeiring for store og små

Og så var det formelle over! No er det klart for ei avsluttande jonsokfeiring med kakelotteri og kasting av hesteko - og ikkje minst bålfeiring!

Brura og brudgommen leia toget til siste haldeplass på stødigg vis.

Og med dét kan brureparet



TALE: Larsen peikar på hytta sine unike kvaliteter; mellom anna den unike takkonstruksjonen som er bygd av eit handverkarlag frå Bergen.



VASSVØRI KVEALAG: I leing av Hilde Fischer-Stratton.



BRUREPAR: Vega og Inge Olai fekk i oppgåve å leia folket til området for jonsokfeiringa.



endeleg slappa av med hot dog og brus saman med resten av borna.

Erik Hanson som står for både kakelotteri og hestekokast i forkant av bålfeiringa, seier seg nøgd med opplegget.

- Me har hatt rekordhøgt frammøte i dag. Me opplever tydeleg at samhaldet og engasjementet har hatt eit oppsving

her på Bolstad. Både gjennom prosjektet med dagsturhytta - men også andre aktivitetar me har med turnlaget, fortel han.

- Og kva har Tangen å seia for folket på Bolstad?

- Det vert ein samlingsplass. Me tykkjer det er viktig at det ikkje berre vert eit tilbod for borna vore, men også ungdom-

mane.